

**FYLKESPROGRAM FOR  
MILJØPARTIET DEI GRØNE  
I HORDALAND  
2015 – 2019**

**miljøpartiet  
de grønne**

**hordaland**

*Miljøpartiet Dei Grøne har som mål eit medmenneskeleg samfunn i økologisk balanse. Økonomien skal underordnast sunne økologiske prinsipp og fremje fred og rettferd både lokalt og globalt. Livskraftige lokalsamfunn, i hovudsak basert på lokale ressursar er ein føresetnad for å nå målet.*

*Vi tek mål av oss til å utforme ein heilskapleg politikk for notid og framtid, basert på tre grunnleggjande solidaritetsprinsipp; solidaritet med andre menneske, solidaritet med framtidige generasjonar, og solidaritet med dyr og natur.*

## Bli med på den grønne bølga!

I 2011 fekk Miljøpartiet Dei Grøne sin fyrste representant på fylkestinget, Tom Sverre Tomren. Seinare melde også Natalia Golis overgang til MDG, og me har difor hatt to representantar på fylkestinget..I 2013 nådde Miljøpartiet Dei Grøne eit nytt mål, og Rasmus Hansson vart vår fyrste stortingsrepresentant.

Med representantar på både Stortinget og fylkestinget, samt blant anna i Bergen, har MDG bidrege til å setja miljø på sakslista.: Me har allereie bidrege til å endra miljødebatten.

På fylkestinget har vi mellom anna fått gjennom eit framlegget vårt om at klimaplanen skal ligge til grunn for andre fylkeskommunale planar og at alle transport i fylkeskommunen skal skje med best mogleg miljøteknologi og MDG fekk fleirtal for å melde Hordaland fylkeskommune inn i anti-korrupsjonsorganisasjonen Transparency International

Samstundes har medlemstalet vårt mangedobla seg på få år, og den grønne veksten heldt fram. Ved dette valet står nye, grønne lokalpolitikarar klare til å rykkja inn i kommunestyre mange stader i fylket. Me skal vera partiet som syter for at vår tids viktigaste sak - miljøsaka - alltid er med på sakslista!

Miljøpartiet Dei Grøne vil også halda fram arbeidet for eit grønarare Hordaland. Fylkeskommunen har ansvar for viktige oppgåver: samferdsle, næringsutvikling, regional utvikling, vidaregåande skule og tannhelseteneste. Samstundes har fylket avgrensa budsjett, og liten moglegheit til å prioritera. Her - som så ofte elles - handlar politikk om å prioritera. MDG prioriterer å arbeida for ein politikk som tek store globale utfordringar, blant dei klimakrisa, på alvor. Samstundes meiner me at mange av løysingane ligg i korleis samfunnet legg til rette for din og min kvardag. Det er i våre eigne nærmiljø, våre eigne kommunar og vårt eige fylke at me må byggja grunnlaget for ei grøn framtid.

Grøn politikk er også meir enn miljøpolitikk. Me ynskjer å ta vare på mangfaldet i naturen, me set pris på mangfaldet blant oss menneske og me ynskjer eit mangfaldig næringsliv og eit mangfaldig kulturliv. Me vil samstundes ha meir fokus på dei gode tinga i livet framfor kortsiktig materielt forbruk.

Miljøproblem kjenner ingen kommunegrenser, ingen fylkesgrenser og heller ingen landegrenser. Som medlem av dei europeiske grønne og at det verdsomspennande nettverket Global Greens er Miljøpartiet Dei Grøne ein del av ei veksande, internasjonal rørsle som set vår tids viktigaste spørsmål i sentrum.

## Eit grønt Hordaland

Heile vår eksistens kvilar på naturen. Dette er viktig, ikkje berre for naturvern og miljøpolitikk, men også for korleis me skal utvikla framtidens næringsliv, korleis me skal byggja framtidens infrastruktur og korleis me skal skapa gode samfunn for morgondagen.

### Klima og miljø

Miljøkrisa krev politiske tiltak, og god miljøpolitikk må gjennomsyra heile politikken. Klimaplanen må vera eit sentralt styringsverktøy for fylket. Klima og miljøomsyn skal vera ein naturleg del av fylkeskommunale innkjøp.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- at fylkeskommunen skal gå føre i høve energiøkonomisering og bruk av fornybar energi
- at miljøvenlege løysingar skal prioriterast ved oppføring av fylkeskommunale nybygg
- omprioritera ressursar frå Hordaland Olje og Gass til ENØK-tiltak og tiltak for å fremma fornybar energi
- vri den fylkeskommunale næringslivssatsinga, og satsa på grønt næringsliv, miljøvenlege næringsklynger, på bærekraftig løysingar og ny grønt teknologi
- vektleggja klima- og miljøomsyn ved offentlege innkjøp
- vidareføra Miljøfyrtårn-arbeidet
- leggja vekt på natur, miljø og klima i det regionale planleggingsarbeidet

### Naturvern

Menneskeleg påverknad gjer idag sitt til at plante-, fiske- og dyreartar vert utrydda verda over. Her i Noreg er tusenvis av artar raudlista, og dei inngrepsfrie områda har skrumpa inn. I Miljøpartiet Dei Grøne ser me at me som menneske er avhengige av naturen rundt oss, men me meiner også at naturen har ein eigenverdi utover nytteverdien for oss menneske. Det må dessutan vera eit mål å bevare mest mogleg urørt natur til framtidige generasjonar.

Naturvernet er viktig for å verna ulike naturtypar, for artsmangfald og av klimaomsyn. Slik me ser det, bør det vera eit mål å minska det økologiske fotavtrykket vårt.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- ha auka vern av skog, våtmark, havbotn og andre artsrike område
- verna om allemannsretten, og arbeida imot sal av offentleg eigd skog og utmark.
- arbeida for redusert utbyggingpress på naturareal i Hordaland
- gå inn for ei kartlegging av naturmangfaldet i fylket
- stilla langt strengare krav til oppdrettsnæringa, og arbeida for ein overgang til lukka anlegg
- arbeida for konkrete tiltak for å ivareta bestandar av villaks og andre sårbare artar i vassdraga våre
- tryggja allemannsretten og folk flest sin tilgang til viktige friluftsområde, til kyst, fjord og naturopplevingar
- eit sterkt jordvern og meir friviljug skogvern i Hordaland
- arbeida for utfasing av sitkagranfelt til fordel for naturleg vestlandsskog
- arbeida for innføring av "kvite sertifikat" - knytt til energiøkonomisering - på nasjonalt nivå

- stø prosjekt for urbant landbruk, parsellhagar, andelslandbruk o.l.
- føra ein sterkt restriktiv politikk for utbygging av ny vasskraft

### **Regional planlegging**

Regional planlegging er eit sentralt område for fylkeskommunen. Miljøpartiet Dei Grøne vil i dette arbeidet vektleggja omsyn til natur, miljø og bærekraft. Me vil I dette arbeidet arbeida for:

- å ta vare på matjord
- gode regionsentra med klare sentrumsfunksjonar
- miljøvenleg infrastruktur

## Grøn samferdsle

Transportsektoren er av dei største kjeldene til klimagassutslepp, ureining, støy og naturinngrep. Den samla trafikken utgjer også eit trugsmål for helse og velvære, noko luftureininga i Bergen dei siste vintrane er ein dramatisk illustrasjon på.

God samferdslepolitikk må også vera god miljøpolitikk. Den grønne samferdslepolitikken handlar om å redusera transportbehovet, om å ta i bruk ny teknologi og om å leggja til rette for eit godt og mangfaldig kollektivtilbod. Miljøpartiet Dei Grøne vil difor prioritera dei transportmåtane som belastar miljøet minst, og meiner at ulike samferdslespørsmål må sjåast i samanhang med kvarandre.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- alltid prioritera sykkel, buss og bane framfor personbilisme og flytransport
- arbeida for skinnegående transport til alle bydelar i Bergen, og for baneløysingar også i bergensregionen elles
- byggja ut gang- og sykkelveggar
- gå inn for billegare kollektivtransport, både enkeltreiser og periodekort
- arbeida for lettare overgang mellom ulike kollektivtilbod og stø felles takstsoner mellom tog og buss
- arbeida for universell utforming i all offentleg transport
- at fylkeskommunen går over til køyretøy basert på alternative drivstoff, mellom anna elektriske bilar
- at køyretøy som går på miljøvenleg drivstoff eller elektrisitet vert prioritert ved tildeling av drosjeløyve
- arbeida for fleire offentlege ladepunkt for elektriske bilar, og for at fleire parkeringsplassar vert reservert for desse
- arbeida for fleire og trygge sykkelparkeringsplassar
- stø elektrifisering av bussar og ferjer, der dette er mogeleg, inkludert utbygging av trolleybussnettverket
- leggja vekt på miljø i anbodskriteria for både hurtigbåt og ferjer
- leggja til rette for auka bruk av samkøyring, til dømes gjennom registrering og merking av gode samkøyringsstopp

## Tog

Miljøpartiet Dei Grøne i Hordaland ynskjer velkomen ei utgreiing av lyntogsamband mellom Bergen og Oslo, og mellom Bergen og Stavanger. Samstundes vil me arbeida for oppgradering av Bergensbanen - med dobbeltspor til Voss, bygging av Ringeriksbanen og opprusting av strekninga elles.

## Trygge vegar og smarte vegar

Nye vegprosjekt må vurderast ut frå korleis dei kan fungera saman med andre samferdsleløysingar, og slik leggja til rette for bruk av kollektivtransport. Natur- og miljøomsyn må vega tungt ved traseval.

Ved bygging av nye vegar bør det også vera eit mål å utvida sykkelvegnettet.

Miljøpartiet Dei Grøne går imot planane om ny E39 over Bjørnefjorden i bru (midtre trase). Å velja indre trase kan både bidra til betre infrastruktur, leggja opp til framtidig tilknytning til lyntoglinjer og

gje mindre omfattande inngrep. Eit slikt traseval vil heller ikkje på same måte leggja opp til endå meir personbilpendling inn til Bergen sentrum.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- vektleggja natur og miljø ved traseval for nye vegar
- prioritera vegprosjekt som gjev auka tryggleik (t.d. rassikring) eller leier trafikken utanom sentrums- og bustadsområde
- prioritera vegløyser som lettar overgangen til kollektivtransport
- arbeida for betre løysingar for innfartsparkering

## Nyskapande næringsliv

Vestlandet og Hordaland treng eit kreativt og nyskapande næringsliv, og det er det viktig å sleppa til gründarar og småbedrifter. Eit godt fylkespolitisk tiltak på området er satsing på Ungt Entreprenørskap i vidaregåande skule.

Miljøpartiet Dei Grøne meiner fylkeskommunen må vera ein pådrivar for å skapa nye grønne arbeidsplassar og bærekraftige næringsklyngjer, til dømes retta inn mot offshore vind, bølgekraft, geotermisk energi og annan innovativ teknologi.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- stø Greenstat og liknande initiativ, og arbeida for at Hordaland skal bli ein leiande region for bærekraftig omstilling av næringslivet
- stimulera bærekraftige, samvirkebaserte lokale og regionale verksemder som tek utgangspunkt i lokale og regionale ressursar
- arbeida for å motverka maktkonsentrasjon og sentralisering i næringslivet
- arbeida for lokal matkultur, blant anna ved å gjera det lettare å omsetja lokalprodusert mat

Primærnæringane vil vera viktige også i framtidens grønne Hordaland. Miljøpartiet Dei Grøne vil arbeida for å taka vare på matjord, og ynskjer meir økologisk landbruk, eit levande kystfiske og bærekraftig havbruk. Det bør leggjast til rette for meir nisjeproduksjon, og for eit rikt og variert landbruk - også med fokus på kultur og kulturlandskap.



## Vidaregåande opplæring

Miljøpartiet Dei Grøne ynskjer ein god og mangfaldig vidaregåande skule. Den offentlege skulen skal vera bærebjelken, men private ikkje-kommersielle skular er eit viktig supplement.

Mange elevar fell idag frå vidaregåande skule. Miljøpartiet Dei Grøne meiner det er viktig å styrka den praktiske, yrkesretta utdanninga. Dessutan må lærlingeprogrammet gjerast sterkare, i samarbeid med næringslivet. Offentlege verksemder må ta imot lærlingar, og det må stillast krav om lærlingar i anbudsprosessar.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- satsa på godt innemiljø og godt sosialt miljø i den vidaregåande skulen
- arbeida for meir fleksible inntaksreglar til ulike studieretningar
- stø sterkare innslag av elevdemokrati i skulane
- prioritera elevar sin rett til å gå på ein skule i nærområdet
- vurdera endringar i finansieringsmodellen for vidaregåande skular, for å motverka utarming av vidaregåande skular i distrikta
- arbeida for at fleire elevar får moglegheita til å ta delar av utdanningsløpet i eit anna land
- søkja å styrka rådgjevartenesta og skulehelsetenesta
- stø ei forsøksordning med karakterfritt kroppsøvingsfag
- stø forsøksordningar med mindre teoribasert yrkesretta skule
- sikra god tilgang på døvetolkar for å gje døve elevar like stor moglegheit til å velja utdanning som det høyrande elevar har
- leggja til rette for alternative vegar til fagbrev
- styrka satsinga på Ungt Entreprenørskap og på forskningsliner

## Mangfald i kulturlivet

Å skape og oppleve kultur gjer livet rikare for både den enkelte og for samfunnet. Miljøpartiet Dei Grøne ser på det å kunne uttrykkje og engasjere seg i kulturlivet som ein menneskerett. Vi meiner at fellesskapet aktivt skal støtte kultur og idrett, og ønskjer samstundes eit kulturliv som i seg sjølv er fritt og uavhengig.

Den fylkeskommunale kulturpolitikken må ta utgangspunkt i eit ønskje om å hindra einsretting.

MDG meiner det offentlege må leggja til rette for det mangfaldige kulturlivet gjennom gode støtteordningar. I tillegg må uavhengigheiten og den frie stillinga til kulturutøvarar bevarast.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- ha fokus på mangfald i kulturpolitikken
- prioritera barne- og ungdomsidrett, og breiddeidrett
- prioritera stønad til friviljuge organisasjonar
- stimulera til ikkje-organisert idretts- og kulturverksemd
- styrka tilbodet til ungdom som ynskjer å kombinera utdanning og idrett
- styrka dei direkte tilskota til profesjonelle kunst- og kulturutøvarar
- ivareta gode tilbod innan musikk, dans og drama i vidaregåande skule
- vidareføra arbeidet med lokale kulturminneplanar i samarbeid med kommunane
- søkja å styrka bibliotektilbodet og ivareta gode, distriktsvenlege tilbod, inkludert Bokbåten
- styrka og utvikla det internasjonale kultursamarbeidet

## Folkehelse

Helsetenestene er i dag i stor grad eit statleg ansvar via helseføretaka. Fylkeskommunen må likevel stilla klare krav til og arbeida for et godt tilbod for våre innbyggjarar.

Eit grønt og mangfaldig Hordaland vil også vere eit sunnare Hordaland. Vi ønskjer å styrka barne- og ungdomsidretten og vil gjere det enklare å vere syklist i Hordaland.

Miljøpartiet Dei Grøne anerkjenner naturen sin eigenverdi, og at den er ei svært viktig kjelde til opplevingar og menneskeleg trivsel. Friluftsliv i seg sjølv har ein påviseleg og positiv påverknad for både fysisk og psykisk helse. MDG vil støtte tiltak for å tilretteleggje og stimulere til friluftsliv, særleg tiltak retta mot barn. Betre kjennskap til naturen gjev også betre grunnlag for å ta vare på han.

Miljøpartiet Dei Grøne vil:

- setja fokus på førebyggjande helsearbeid
- arbeida for sunn mat i fylkeskommunale institusjonar, og styrka tilgangen på vegetariske alternativ
- arbeida for fleire friluftsområde med universell utforming
- tilretteleggja for meir fysisk aktivitet i vidaregåande skule
- arbeida for at menneske med psykiske vanskar skal kunna få hjelp i sitt nærmiljø, også utanfor institusjon

Tannhelse er eit fylkeskommunalt ansvar. Slik Miljøpartiet Dei Grøne ser det er tannhelse viktig for generell helse og velferd, og godt tilgjenge til det offentlege tannhelsetilbodet er viktig. Difor vil Miljøpartiet Dei Grøne arbeida mot ei sentralisering av tenesta.